



ALLTID BEREDT

## Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

---

<b>Tid:</b>	Måndag 9. desember 2024 kl.20.00
<b>Stad:</b>	Digitalt på Google Meet
<b>Tilstades:</b>	Marius Johannessen, Anna Tveit, Jakob Løve Rud, Magnus M. Aronsen, Magnus Molland (vara)
<b>Frå adm.:</b>	Hildegunn L. Fjelland
<b>Andre</b>	
<b>Forfall:</b>	Øyvind Gulliksen, Karoline J. Midtlid (vara), Harald-Andreas Hansen(vara)
<b>Referent:</b>	Hildegunn L. Fjelland

---

Kretsleiar leia styremøte.

### Saksliste

RK-sak 22/2024	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 23/2024	Godkjenning av referat frå styremøte 1.september 2024
RK-sak 24/2024	Rekneskapsrapport
RK-sak 25/2024	Statusrapport
RK-sak 26/2024	Søknadar om roverstøtte
RK-sak 27/2024	Speidartinget
RK-sak 28/2024	NM i speiding
RK-sak 29/2024	Lønn kretssekretær
RK-sak 30/2024	Samarbeid med Haugaland KM transport
RK-sak 31/2024	Vasskjelde på Lier
RK-sak 32/2024	Årsmelding
	Eventuelt

**RK-sak 22/2024: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Møte vart utsatt ein time med oppstart kl.20 istadenfor opprinneleg kl.19.

*VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknaden over.*

**RK-sak 23/2024: Godkjenning av referat frå styremøte 1. september 2024**

Ingen merknadar til referatet.

*VEDTAK: Referatet frå styremøtet 1. september 2024 vert godkjent.*

**RK-sak 24/2024: Rekneskapsrapport**

Kretsleiar presenterte rekneskapsrapporten for perioden september-november.

Ingen store avvik i forhold til budsjettet.

*VEDTAK: Kretsstyret tek rekneskapsrapporten til orientering.*

**RK-sak 25/2024: Statusrapport**

- Utleige:  
Hedleitun har vore utleigd tre helger i løpet av hausten.
- Speidar- og roverforum:  
Kretsen sendte seks deltakarar til speidar- og roverforum i Kristiansand. Fire som delegatar og to som observatørar. Me har fått tilbakemelding om at dei hadde ei kjekk og lærerik helg.
- Speidartinget:  
Kretsen sendte sju deltakarar til speidartinget i Lillestrøm. Fire som delegatar og tre som observatørar.
- Røvertur:  
Det vart arrangert røvertur på Hedleitun i oktober, med sju deltakarar.
- Kretsens helg:  
Arrangementet vart avlyst.

*VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.*

**RK-sak 26/2024: Søknadar om roverstøtte**

Det har kome inn to søknadar om stønad til reise/deltaking på roverarrangement. Søknadane kom i vår og er i forbindelse med deltaking på Roverstevnet 2024. Dei vart gløymt av kretssekretær, og vert difor vurdert no.

Begge søknadane følger kretsen sine retningslinjer for stønad til reise/deltaking på roverarrangement.

*VEDTAK: Dei to søknadane om roverstønad vert godkjent og kretsen dekker 50% av utgiftene.*

**RK-sak 27/2024: Speidartinget**

På speidartinget vart den nye handlingsplanen vedtatt. Vidare vart det presentert og vedtatt ei omstrukturering av lovane til NSF, dette har liten praktisk betydning, anna enn at kretsens vedtekter kan måtte oppdaterast for å unngå utdaterte referansar.

Detaljerte saksforklaringar framkommer i referatet frå Speidartinget.

*VEDTAK: Kretsstyret tek oppdateringa frå speidartinget til orientering.*

#### **RK-sak 28/2024: NM i speiding**

Kretsen har fått ein førespurnad om å arrangere NM i speiding 2025 saman med Haugaland KM. Denne henvendelsen kom fyrst tidleg i oktober då Førre Aksdal KM tok kontakt med Kretssekretær. Då hadde Haugaland KM fått dette spørsmålet, og det var berre Førre Aksdal gruppe som ønska/kunne bidra. Dei lurte på kva me i Ryvarden tenkte om dette. Det var på dette tidspunktet snakk om at me skulle planlegge og gjennomføre heile arrangementet. Kretssekretær og kretsleiar ga tilbakemelding om at denne førespurnaden kjem alt for seint. Og at me ikkje vil klare å planlegge og gjennomføre eit så stort arrangement på så kort varsel, med alt frå planlegging av oppgåver til å finne eit egna område. Ryvarden krets har ikkje fått ein offisiell førespurnad om dette frå forbundet, berre snakka med Førre Aksdal KM på telefon.

Under speidartinget får kretsleiar førespurnad om å arrangere NM i speiding i ein samtale med speidarsjefen. Kretsleiar forstår det slik at Haugaland KM har sagt ja til å arrangere konkurransen. Det er uvisst kva som skal vere vår rolle under arrangementet.

Kretsstyret meiner at denne førespurnaden kjem alt for seint. NM i speiding er eit stort arrangement som krev ein del planlegging, og dette tek tid. I tillegg er det uklart kva me eigentleg vert spurt om. Skal me berre stille med ressursar eller skal me planlegge og avholde heile arrangementet?

Kretsstyret etterlyser ein skriftleg førespurnad med tydelege arbeidsoppgåver og forventningar. Kretsleiar tek kontakt med speidarsjefen.

Dersom det er snakk om å berre bidra med ressursar under sjølve gjennomføringa av arrangementet kan nok Ryvarden bidra. Dersom det er snakk om å vere med å planlegge og gjennomføre heile arrangementet, så vurderer kretsstyret det til at me ikkje har nok tid til å gjennomføre det på ein god måte. Kretsen har på dette tidspunktet nok med å avholde våre egne arrangement.

*VEDTAK: Kretsleiar tek kontakt med speidarsjefen for å etterlyse meir informasjon, og gir tilbakemeldingar frå kretsstyret.*

#### **RK-sak 29/2024: Lønn kretssekretær**

Lønna til kretssekretær har vore den same sidan oppstart i stillinga i 2019.

Kretsstyret vedtok i april at lønna til kretssekretær skulle auke til dei budsjetterte 84 000kr og at kretsstyret skulle vurdere kretssekretær si lønn ved utarbeiding av nytt budsjett. I denne forbindelse vart det oppdaga ein då må betale arbeidsgivaravgift også.

Kretsleiar har vore i kontakt med lønsansvarleg i nsf for å finne ut korleis dette skal gjerst på riktig måte. Det er snakk om å auke lønna som vedtatt, også sjå på ein indeksregulering sidan dette ikkje er gjort dei siste seks åra.

På noverande tidspunkt ventar kretsleiar på ein konkret tilbakemelding frå lønsansvarleg i nsf.

I forbindelse med aukiing og indeksregulering av lønn må kretsen auke budsjettet for lønn til kretssekretær. Kretsstyret vil legge fram eit forslag til budsjett under kretstingets årsmøte i februar.

*VEDTAK: Kretsleiar kommuniserer vidare med lønsansvarleg i nsf.*

#### **RK-sak 30/2024: Samarbeid med Haugaland KM ifm. transport til Landsleir**

Kretsleiar og viskretsleiar har vore på eit møte saman med Haugaland KM for å diskutere samarbeid i forbindelse med transport av utstyr og deltakarar til landsleiren i 2025.

Både Ryvarden og Haugaland KM er positive til dette. Det vart også nevnt på julemøtet i kretsen, der dei som deltok også var positive til dette.

Det vert vertfall felles transport av utstyr, og kanskje speidarar også.

Marius kommuniserer vidare med Haugaland KM.

*VEDTAK: Kretsstyret tek informasjonen om felles transport til landsleir 2025 til orientering.*

#### **RK-sak 31/2024: Vasskjelde på Lier**

Huset som deler vasskjelde med hytta vår på Lier er no ferdig renovert og skal takast i bruk. Dette betyr at det ikkje er nok vatn i kjelda til begge husa. Difor må kretsen si hytte på Lier få ny vasskjelde.

Borehol og pumpehus nede ved vatnet vert drøfta som aktuelle løysingar. Magnus fortel at naboane på Lier tidlegare har forsøkt borehol utan at dei fant vatn.

Kretssekretær tek kontakt med Espen Fosse som har ein bror som er røyrleggar. Kretsstyret ynskjer å spørje om moglege løysingar og prisar på desse.

Huset skal leigast ut og det vil vere uvisst når huset er i bruk. Difor vil det vere vanskeleg å koordinere utleige av huset og utleige av leirplassen vår. Fram til ei ny løysing er på plass kan ikkje Lier leigast ut eller brukast til store arrangement.

*VEDTAK: Kretssekretær arbeider vidare med å innhente ulike løysingar og prisforslag.*

#### **RK-sak 32/2024: Årsmelding**

Kretssekretær presenterte årsmeldingen for 2024.

Medlemstal får me frå forbundet ved årsskiftet. Desse tala vert lagt inn i ettertid.

Kommentarar/ rettingar frå kretsstyret:

- Deltakarar på roverturen i haust må førast på.
- Dato for kretskonkurransen må rettast.
- Marius skal fjernast som deltakar på KLKS våren 2024. Deltok ikkje.

*VEDTAK: Årsmeldingen er godkjent med kommentar om at medlemstal vert ført inn seinare og rettingane nevnt over.*

#### **Eventuelt**

- Marius trekk seg frå sitt verv som kretsleiar. Han vil fortsette i vervet til kretstingets årsmøte. Valkomiteen vert orientert om dette.
- Det har i fleire år vore diskutert ei endring i matoppgåva under kretskonkurransen. Konkurranseskomiteen ynskjer at eingongsartiklar ikkje skal vere tillatt under oppgåva. Dette er både med tanke på miljø og forbruk, men også fordi det skapar ein fordel under oppvasken. Det vert diskutert om dette er ein endring i retningslinjer som må takast opp på kretstingets årsmøte. Konklusjonen er at dette vert ei endring i reglane for oppgåva, men ikkje ei endring i retningslinjer.

Noko som betyr at konkurransekomiteen kan endre desse reglane utan godkjenning frå kretstinget. Kwart år vert reglane og føringar for oppgåvene tilsendt gruppene, og det er kvar enkelt patrulje si oppgåve og halde seg oppdatert. Magnus, leiar i kretskonkurransekomiteen jobbar vidare med dette.

- Kretsleiar har motteke eit ynskje om å arrangere roverting i forkant av kretstingets årsmøte. Kretsstyret er veldig positive til dette. Roverane som ynskjer å arrangere rovertinget har fått klarsignal til dette. Kretsleiar og kretssekretær vil gi støtte ved behov.
- Neste møte for kretsstyret vert 12.jan.